
Fra: Marianne Aadland Sandvik
Sendt: 5. juli 2018 12:25
Til: Frode Langeland
Kopi: Berit M Eskeland
Emne: Vedr. spørsmål om mur og gjerde langs veg

Hei

Viser til synfaring på eigedomen din i går, onsdag 4. juli.

Ein mindre forstøtningsmur på inntil 1 m høgd og avstand frå nabogrense på minst 1 m er unntatt frå søknadsplikt, jf. byggjesaksforskrifta (SAK10) § 4-1 e) pkt. 6.

I følge forskrift om gjerde ved offentleg veg kan ein setje opp gjerde med inntil 1,10 m høgd langs offentleg veg. Følgjande gjerdetypar kan brukast: Vanlig trådgjerde, netting-gjerde eller flettverksgjerde.

Dette inneber at du kan setje opp ein forstøtningsmur på inntil 1 m, minst 1 m frå nabogrensa, og med eit gjerde oppå med ei maksimal høgd på 1,10 m over eksisterande terreng.

Når tiltaket er ferdig oppført må du informere kommunen om tiltaket og vise plasseringa på eit kart, slik at vi får oppdatert kommunen sine kartdata, jf. SAK10 § 4-1 siste ledd.

Med venleg helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak
Meland kommune
e-post: marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no

